

Saksframlegg

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	xx.yy.2017	xxx/17
Kommunestyret	yy.zz.2017	yyy/17

Samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen Interkommunale Tilsyn (NGIT).

Dokumentliste/vedlegg

1. 28.02.2017. Samarbeidsavtale for NGIT
2. 28.02.2017. Vedlegg - Tilsynsstrategi
3. 24.02.2017. Vedlegg - Økonomi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kommunestyret godkjenner samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen interkommunale byggetilsyn, datert 28.02.2017.

Saksutgreiing:

Rådmannsutvalet i Nordhordland har ynskja å vidareføre samarbeidet om interkommunalt tilsyn, etter at det låg nede ei tid. Rådmannsutvalet har bedt Lindås kommune lage ei utgreiing for ein ny samarbeidsavtale og tilsynsstrategi. Rådmannsutvalet vedtok 17.02.17 å sende saka ut til politisk behandling.

- Samarbeidsavtalen følgjer reglane i Kommuneleva § 28-1b, og må behandlast av kvart kommunestyre.
- Samarbeidet gjeld 8 kommunar; Fedje-, Gulen-, Lindås-, Masfjorden-, Meland-, Modalen-, Osterøy- og Radøy kommune.

Vurdering:

Etter Plan- og bygningslova (PBL) er kommunane pliktig å føre tilsyn jf. PBL kap. 25 og 32.

Kommunane i regionen har i ein periode nedprioritert tilsynet dels som følgje av mangel på turvande kompetanse og mangel på ressursar.

Målsetting.

Målsettinga med interkommunalt tilsyn er mellom anna

- å sikre god kvalitet på byggetiltak
- at byggetiltak er i samsvar med løyver og føresegner i plan- og bygningslova
- motverke ulovleg bygging, men også å få til meir likskap (like konkurransevilkår) for næringa - på tvers av kommunegrensene.

Ressursbruk.

Tilsyn gjeld både avklaring og oppfølging ulovleg byggearbeid.

Oppfølging av ulovleg byggearbeid er ressurskrevjande. Av omsyn til ressursbruk vert det gjort prioriteringar.

Arbeidsområdet for NGIT vert avgrensa til å omfatte byggeplass- og føretakstilsyn.

Ansvar for andre tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak leggast til den enkelte kommune.

Det interkommunale tilsynet skal arbeide i samsvar med ein godkjent tilsynsstrategi. Denne strategien høyrer til samarbeidsavtalen.

Mynde.

I samarbeidsavtalen får felles tilsynskontor fullmakt til å følgje opp tilsyn og eventuelle ulovlege tiltak på ein meir effektiv måte enn før, dvs. i staden for å sende saka tilbake til kommunen.

For å sikre at vertskommunen har kapasitet til å utføre oppgåva, er det lagt inn eit krav om at tilsynet skal bemannast med minimum ein tilsynsleiar + eit årsverk, og ha byggteknisk og juridisk kompetanse.

Kommunane melder sjølv inn sakene som ein ønskjer tilsyn på. Tilsynsfunksjonen skal finansierast gjennom byggesaksgebyra, jf. PBL § 33-1. Dei fleste kommunane har allereie teke dette inn i gebyrregulativet sitt.